

Temanotat

Vietnam: Tilhøva for barn og unge



© Landinfo 2016

Materialet i denne publikasjonen er omfattet av åndsverklovens bestemmelser. Uten særskilt avtale med Landinfo er enhver eksemplarfremstilling og tilgjengeliggjøring bare tillatt i den utstrekning det er hjemlet i lov.

Alle henvendelser om Landinfos rapporter kan rettes til:

Landinfo
Utlendingsforvaltningens fagenhet for landinformasjon

Storgata 33 A

Postboks 8108 Dep

N-0032 Oslo

Tel: 23 30 94 70

E-post: landinfo@landinfo.no

www.landinfo.no

Temanotat **Vietnam: Tilhøva for barn og unge**

Om Landinfos temanotater

Utlendingsforvaltningens fagenhet for landinformasjon (Landinfo) innhenter og analyserer informasjon om samfunnsforhold og menneskerettigheter i land som Utlendingsdirektoratet (UDI), Utlendingsnemnda (UNE) og Justis- og beredskapsdepartementet har behov for kunnskap om.

Landinfos temanotater er basert på opplysninger fra nøye utvalgte kilder. Opplysningene er behandlet i henhold til [anerkjente kvalitetskriterier for landinformasjon](#) og [Landinfos retningslinjer for kilde- og informasjonsanalyse](#).

Temanotatene bygger på både skriftlig og muntlig kildemateriale. En del av informasjonen som formidles, er innhentet gjennom samtaler med kilder på informasjonsinnhentingsreiser. Landinfo tilstreber bredde i kildetilfanget, og så langt mulig er det innhentet informasjon fra kilder som arbeider uavhengig av hverandre. Alt benyttet kildemateriale er fortløpende referert i temanotatene. Hensyn til enkelte kilders ønske om anonymitet er ivarettatt.

Notatene gir ikke et uttømmende bilde av temaene som undersøkes, men belyser problemstillinger som er relevante for UDIs og UNEs behandling av utlendingssaker.

Landinfo er en faglig uavhengig enhet, og informasjonen som presenteres, kan ikke tas til inntekt for et bestemt syn på hva praksis bør være i utlendingsforvaltningens behandling av søknader. Landinfos temanotater gir heller ikke uttrykk for norske myndigheters syn på de forhold og land som omtales.

About Landinfo's reports

The Norwegian Country of Origin Information Centre, Landinfo, is an independent body within the Norwegian Immigration Authorities. Landinfo provides country of origin information (COI) to the Norwegian Directorate of Immigration (Utlendingsdirektoratet – UDI), the Immigration Appeals Board (Utlendingsnemnda – UNE) and the Norwegian Ministry of Justice and Public Security.

Reports produced by Landinfo are based on information from carefully selected sources. The information is collected and analysed in accordance with [common methodology for processing COI](#) and [Landinfo's internal guidelines on source and information analysis](#).

To ensure balanced reports, efforts are made to obtain information from a wide range of sources. Many of our reports draw on findings and interviews conducted on fact-finding missions. All sources used are referenced. Sources hesitant to provide information to be cited in a public report have retained anonymity.

The reports do not provide exhaustive overviews of topics or themes, but cover aspects relevant for the processing of asylum and residency cases.

Country of Origin Information presented in Landinfo's reports does not contain policy recommendations nor does it reflect official Norwegian views.

SUMMARY

Vietnam is now a lower middle income country. The legislative framework has been modernised, but implementation remains a challenge. A new Children's law has been passed, but the definition of a child was kept at under the age of 16. Vietnam leads a «two child policy», but implementation is not as strict – and has not resulted in the same gender disparity in the populace – as the «one child policy» in China. Most Vietnamese children are registered within the first five years, and the majority start school at six and complete the first five years, i.e. primary school. The drop out rate increases throughout secondary school. Children with disabilities, from ethnic minorities or of internal migrants have a higher drop out rate than other children. All children under six years are entitled to free health care, but from that age they must enrol in the health insurance system and pay a premium. Access to health care is relatively good except in isolated areas. Children living with HIV/AIDS get treatment and medicines, but suffer under a sizeable social stigma. Vietnam does not yet have a well developed adoption and foster care system, but there are long traditions for alternative care with relatives and/or neighbours. In general, the situation is difficult for children with disabilities, from ethnic minorities or of internal migrants.

SAMANDRAG

Vietnam har nyleg vorte eit såkalla *lower middle income*-land. Lovverket er modernisert, men iverksetjing er ofte ei utfordring. Landet reviderte nyleg Barnelova si, og der vart øvre grense for kven som er eit barn, behalde ved 16 år. Vietnam fører ein «tobarnspolitikk», men denne vert ikkje handheva like strengt – og har ikkje hatt like drastiske konsekvensar for kjønssamansetjinga i befolkninga – som «eittbarnspolitikken» har hatt i Kina. Dei aller fleste barn i Vietnam er registrerte innan dei fyller fem år. Dei aller fleste byrjer også på skulen ved seks års alder og fullfører dei første fem åra, som kallast *primary school*. Fråfallet aukar gjennom ungdomsskulen (*secondary school*). Barn med funksjonshemmingar, etnisk minoritetstilhøyring eller migrantbakgrunn har høgare fråfall enn andre barn. Alle barn under seks år får helseutgiftene sine dekkja av staten, men deretter krevjast innmelding i helseforsikringssystemet og betaling av forsikringspremie. Tilgangen til helsetilbod er relativt god med unnatak av i avsidesliggjande strok. Hiv-smitta barn får også behandling for sjukdommen, men lir under stort sosialt stigma. Det er ikkje eit velutvikla system på plass for adopsjon og fosterordningar for foreldreause og andre vanskelegstilte barn enno, men landet har lange tradisjonar for at slektningar og naboar tek seg av barn utan foreldre som kan ta seg av dei. Generelt er situasjonen vanskeleg for etniske minoritetsbarn, barn med funksjonshemmingar og barn av interne arbeidsmigrantar.

INNHALD

1. Innleiing	6
2. Barn sin posisjon i lovverket	6
2.1 Barna sin posisjon ved foreldra si skilsmisse	7
3. Tobarnspolitikken og sønnpreferanse	8
3.1 Viktigheita av ein son	9
3.2 Kjønsseleksjon	9
4. Fødselsregistrering og andre ID-papir	10
5. Utdanning og velferd	12
5.1 Barnehage- og skuletilbod	13
5.1.1 Barnehage og førskule	13
5.1.2 Grunnskule	14
5.1.3 Skuletilgang for barn med funksjonshemmingar	15
5.2 Helsetilbod og –tilgang for barn	16
5.3 Vanskelegstilte barn	17
5.3.1 Adopsjon, fosterordningar, barneheimar	18
5.3.1.1 Adopsjon	18
5.3.1.2 Fosterordningar	19
5.3.1.3 Barneheimar	19
5.3.2 Migrantbarn og etterlatne barn	20
5.3.3 Hiv-positive barn	22
5.3.3.1 Smittetal og behandling	22
5.3.3.2 Andre konsekvensar av hiv/aids for barn	23
6. Referanser	24

1. INNLEIING

Vietnam var for 30 år sidan eit svært fattig land, men er i dag eit såkalla *lower middle income*-land i Verdsbanken (World Bank 2016) sin definisjon. Parallelt med den økonomiske utviklinga har også lovverket vorte endra og samfunnet modernisert, men landet er fortsatt ein sosialistisk eittpartistat med det vietnamesiske kommunistpartiet ved makta som einaste lovlege parti.

Familien er ein viktig og verdsatt institusjon i Vietnam, og barn er for dei aller fleste ein naudsynt bestanddel av ein harmonisk familie og eit lukkeleg liv. Utdanning er høgt verdsett i Vietnam – lærdom er ikkje berre ei kjelde til økonomisk tryggleik, det gjev også status og kulturell kapital. Både foreldre og staten satsar derfor mykje på å utdanne barna. Vietnamesiske barn sine rettar er lovfesta i både internasjonale konvensjonar (som FN sin barnekonvensjon) og i ei rekkje nasjonale lovar, dekret og reguleringar. Samstundes vert det også stilt mange krav til vietnamesiske barn, i det ein rett oftast går hand i hand med ei plikt.

Dette notatet tek for seg ulike tilhøve av relevans for barn sin tryggleik og oppvekst i Vietnam. Temaa er vald ut på bakgrunn av tidlegare innspel og spørsmål frå sakshandsamarar i Utlendingsdirektoratet og Utlendingsnemnda. Notatet gjev såleis ikkje eit uttømmende bilete av barn sin situasjon i Vietnam. Informasjonen som vert formidla, er basert på opne, skriftlege kjelder og dels henta inn på Landinfo si informasjonsinnhentingsreise til Vietnam hausten 2015.

2. BARN SIN POSISJON I LOVVERKET

Kven som er eit barn, vert i Vietnam fram til 1. juni 2017 regulert av *The Law on Child Protection, Care and Education*. Frå den datoen tek den nye barnelova (*Children's Law*) til å gjelde. Både den gamle og den komande lova definerer eit barn som ein person under fylte 16 år. Dette er ein anna definisjon enn FN sin Barnekonvensjon nyttar. Der vert det slått fast at ein person under 18 år er eit barn. Vietnam ratifiserte Barnekonvensjonen i 1990, som det andre landet i verda. I debatten som gjekk føre seg før den nye barnelova vart vedteke i april 2016, gjekk dei aller fleste både inn for og ut frå at forslaget om å heve aldersgrensa for barn til 18 år skulle verte vedteke, mellom anna for å bringe lova i harmoni med Barnekonvensjonen på dette punktet. Det skjedde likevel ikkje – forslaget vart nedstemt i nasjonalforsamlinga og grensa for kva som er eit barn, vil altså halde fram med å gå ved fylte 16 år.

Vietnam si ungdomslov (Youth Law) av 2005 gjeld for personar mellom 16 og 30 år. I kapittel IV, som angår spesielt dei som har fylt 16 år, men som enno ikkje har fylt 18 år, vert det slått fast at Barnekonvensjonen gjeld også for dei (§ 31). Dette altså trass i at eit barn i barnelova er definert som ein person under 16 år.

UNICEF i Vietnam reknar 16- og 17-åringar som sårbare (*vulnerable*) sidan dei ikkje lenger er barn, men heller ikkje har fullstendig vaksenstatus. Dei har dermed ikkje same skydd som barn under 16 år (UNICEF, møte i Hanoi 2015).

Vietnam sitt lovverk skil ikkje mellom barn fødd innanfor eller utanfor ekteskap, mellom gute- eller jentebarn eller mellom adopterte og biologiske barn. Law on Child Protection §4 omhandlar «non-discrimination against children» og fastslår at alle barn har same rettar uavhengig av desse tilhøva, av foreldras politiske tilhøyrslø, og av kva nasjonalitet, tru/religion, sosial klasse dei høyrer til. Det er altså forbode å diskriminere noko barn på grunnlag av desse eigenskapane.

Ei rekkje andre lovar er, eller kan også vere, av relevans for barn i Vietnam. Desse er mellom anna adopsjonslova (*Law on Adoption*) av 2010 (sjå kapittel 5.3.1) og ekteskapslova (*Marriage and Family Law*) av 2000. Ekteskapslova vart revidert i 2015, og den nye versjonen trådde i kraft 1. januar 2016. Den reviderte utgåva er enno ikkje omsett til engelsk, men dei viktigaste endringane gjeld likekjønsekteskap, surrogati og ekteskap der ein av partane er utanlandsk. Desse aspekta vert ikkje nærare omtala i denne responsen. Homofile kan stadig ikkje gifte seg på lik line som heterofile, så eventuelle barn vil vere å rekne som fødte utanfor ekteskap; surrogati er ikkje ei aktuell problemstilling i dette notatet; og når det gjeld ekteskap og familietilhøve der ein part er utanlandsk statsborgar, så er detaljerte reguleringar undervegs, men dei var foreløpig ikkje klare då dette notatet vart skrivne (Vietnam Law & Legal Forum 2015b, Johnson 2015).

Ekteskapslova regulerer imidlertid også ei rekkje andre aspekt som er viktige i barn sine liv, mellom anna ansvar og restriksjonar i forholdet mellom barn, foreldre og eventuelle steforeldre, foreldreansvar og mogleg tap av dette, barnefordeling ved skilsmisse, adopsjon, barn sin rett til eigedom osv. Meir om skilsmisse i kapittel 2.1 nedanfor.

Vietnam sin arbeidslov (*Labour Code*) regulerer i kva grad barn kan arbeide. Ho slår fast (§161) at «A minor employee is an employee under 18 years of age», så ifølgje denne lova er alle arbeidstakarar under 18 år å rekne som mindreårige. Ved tilsetjing av barn under høvesvis 15 og 18 år gjeld særskilde reglar (Labour Code art. 163–164), og tilsetjing av barn under 13 år er forbode så nær som for særskilde typar arbeid som definert av *Ministry of Labour, Invalides and Social Affairs* (MOLISA) (Labour Code art. 164 (3)). Somme typar arbeid er forbode for alle barn (art. 165).

Dertil kan sivillova (Civil Code) av 2005, sivilprosesslova (Civil Procedure Code) av 2011, straffelova (Criminal Code) og straffeprosesslova (Criminal Procedure Code) være viktige for barn, men slike tilhøve ligg utanfor rammene av dette notatet. Den nye Barnelova skal ha eit eige kapittel om vern av barn under rettsforhandlingar og eit anna om ungdomskriminalitet (*juvenile justice*) (Vietnam Law & Legal Forum 2015a).

2.1 BARN SIN POSISJON VED FORELDRA SI SKILSMISSE

Det er i hovudsak ekteskapslova av 2000 som regulerer korleis eventuelle barn vert påverka økonomisk og juridisk av ei skilsmisse. Ei skilsmisse mellom foreldra endrar ikkje barna sin juridiske posisjon, til dømes med tanke på arv. Paragraf 92 i ekteskapslova slår fast at etter ei skilsmisse har bae foreldra fortsatt plikt til å ta seg av og fostre felles barn. Det vil altså seie at foreldreansvaret er delt også etter skilsmisse. Foreldra avgjer sjølv kven som skal ha den daglege omsorga for barna. Kjem dei ikkje til semje om dette, kan ein domstol avgjere spørsmålet. Barn som har fylt ni år, skal få si meining høyrd i denne prosessen. Mor får i utgangspunktet omsorga for barn under tre år.

Den av foreldra som ikkje har dagleg omsorg for barna («does not directly rear children»), skal betale bidrag («provide support»¹) for dei. Dette vert slått fast både i ekteskapslova sin §92 og i Law on Child Protection sin §24(4) («contribute to the nurture of their children»). Lovene gir også samværsrett til denne forelderen.

I utgangspunktet skal foreldre som skil seg, verte einige seg imellom om kvar barna skal bu, kor mykje den andre forelderen skal betale i bidrag og kor ofte han eller ho skal ha samvær med barna. Vert dei ikkje einige om dette, kan (ein av) dei ta saka til ein domstol (ekteskapslova § 56). Ekteskapslova sin paragraf 50(2) slår eksplisitt fast at ein person som unndreg seg forsørgjar-/bidragsplikta si, skal verte tvinga til å overhalde ho i samsvar med lova.

Det er ikkje veldig dyrt å ta slike saker til ein domstol, så det kan være ein reell utveg for par som ikkje vert einige. Om den eine parten ikkje vil betale bidrag, er det klare lovheimlar for både bøtelegging og i grøvste fall fengsling (Vu & Tran 2012). Men om den eine parten ikkje kan betale bidrag fordi han/ho til dømes er blakk og/eller utan arbeid, er det ikkje noko staten kan gjere. Det offentlege betalar ikkje bidrag for foreldre som ikkje sjølv kan/vil gjere det. Det kan vere mogleg å få eit mindre beløp i sosialstønad (*social welfare*) viss ein fell innunder kategorien fattig, men det vil ikkje vere nok til å klare seg som eineforsørgjar i ein by om ein ikkje har andre inntektskjelder og/eller familie til å hjelpe seg (MOLISA 2015; Vu møte 2016).

Ved spesielle tilhøve kan ein domstol gje foreldreansvaret (*custody right* – her forstått som foreldreansvaret) til andre enn foreldra, til dømes besteforeldre eller andre slektningar om foreldra har fått sin omsorgsrett innskrenka etter ekteskapslova sin paragraf 41. Foreldre som vert fratekne omsorga for ungane, kan fortsatt ha plikt til å (bidra til å) forsørgje barna (Vu & Tran 2012 s.133).

3. TOBARNSPOLITIKKEN OG SØNNEPREFERANSE

Vietnam sin store nabo i nord, Kina, er kjend for å inntil nyleg ha praktisert det som litt unøyaktig vart kalla ein eittbarnspolitik². Mindre kjend er det kanskje at Vietnam sidan slutten av 1980-talet (Goodkind 1995) har praktisert ein såkalla tobarnspolitik. Denne hadde innan år 2000 vorte «one the most effective population control programmes in the world», ifølgje BBC sin mangeårige korrespondent i Asia (Bennett-Jones 2000). Som i Kina har det vore strenge sanksjonar mot par som har fått «ureglementerte» barn. Medlemmer av Kommunistpartiet kunne verte ekskluderte frå partiet og foreldre pålagde å betale skule- og helseutgifter som elles var gratis for andre barn. Ein kunne også få bruksrett til jord/land inndrege. Alt i alt har nok Vietnam sin familieplanleggingspolitikk vore mindre strengt praktisert enn Kina sin, sjølv om det i begge land kan vere store geografiske skilnader.

¹ «Support» er definert i lova sin paragraf 8(11) som «*money or other kinds of property to meet the essential needs of another person [...]*»

² Den såkalla eittbarnspolitikken innebar at nokre par etter lova berre kunne få eitt barn. Mange kunne imidlertid få to, og for særskilde grupper kunne tre vere mogleg. Eit riktigare namn, og det kinesarane sjølv nyttar, er «familieplanleggingspolitikk». Ein slik praktiserer landet fortsatt, men no altså med visse justeringer.

Kina har no lausna opp på sin familieplanleggingspolitikk, og det er tale om at Vietnam kan kome til å gjere det same. Fertilitetsratane i enkelte vietnamesiske byar har falle til under *replacement*-raten, og dette bekymrar styresmaktene mellom anna fordi det tyder at Vietnam risikerer å verte forgubba før det rekk å verte velstående (Economist 2016).

3.1 VIKTIGHEITA AV EIN SON

Tobarnspolitikken har hatt somme uynskte verknader. Gitt si konfutsianske arv og eit generelt patriarkalsk-orientert samfunn, er det svært viktig for mange vietnamesarar å ha minst éin son. Tradisjonelt vert søner, eller i det minste eldste son, buande heime eller i umiddelbar nærleik når dei giftar seg (i motsetnad til døtrer, som flyttar til ektemannens hus eller landsby). Dei – eller i praksis konene deira – tar seg av foreldra hans når dei blir gamle, og berre søner kan føre slekta vidare og utføre rituala som sikrar foreldre og forfedrar eit harmonisk etterliv.

Mellom anna av desse grunnane er sonpreferansen fortsatt sterk blant mange vietnamesarar, og foreldre ser gjerne søner som ei smartare investering enn jenter på lang sikt. Nokre stader, kanskje mest i det rurale nord, kan ektepar som «mislykkast» i å få ein son, til og med verte utsatt for latterleggjering. Det er derfor viktig for dei fleste å ha minst ein son. I familiar som har fleire enn to barn, er ofte dei eldste barna døtrer (Earl 2015, s. 104).

Sonepreferansen er imidlertid ikkje like sterk alle stadar eller i alle lag av befolkninga. Barbieri & Bélanger (2009, s. 424), to forskarar som har arbeidd med Vietnam i ei årrekke, skriv at «In Vietnam, evidence of son preference exists, but the phenomenon is, so far, weaker than in China» (sjå også Landinfo 2016 for meir om dette). I dei tre tiåra som har gått etter at reformperioden (*doi moi*³) byrja, har overgangen mot friare økonomi og mindre ideologisk kontroll resultert i ein viss renessanse for tradisjonelle tankar og verdiar i Vietnam (Earl 2014). Dette kan medverke til ei viss «gjenoppliving» av sonepreferansen.

Ifølgje UNICEF (2013, s. 12) gjev ein mogleg sonepreferanse ikkje utslag i innskrivinga i grunnskulen, der «gender disparity was rare or non-existent» (unnateke for Mong-minoriteten og for barn med funksjonshemmingar). For 6-10-åringar er innskrivingsraten (*net attendance rate*) lik for gutar og jenter (høvesvis 95,48 % og 95,43 %). I ungdomsskulen (6.–9. klasse) er dropp ut-rata noko høgare for gutar enn for jenter (med eit nytt unntak for Mong). Effekten er derimot framleis ikkje stor – skilnaden mellom andelen gutar og jenter i ungdomsskulen er på 1,2 prosentpoeng (81,36 mot 82,56 %).

Så det store skilet i skulen går ikkje mellom andelen gutar og jenter. Snarare går det mellom friske, lokalregistrerte majoritetsbarn på den eine sida og funksjonshemma, minoritets- og migrantbarn på den andre. Meir om dette i kapittel 5 nedanfor.

3.2 KJØNSSELEKSJON

Eit ikkje-intendert utslag som kombinasjonen familieplanleggingspolitikk og sonepreferanse har gitt seg i Kina, er kjønnsselektive abortar og ei etter kvart svært

³ *Doi moi* vert ofte omsett med «renovasjon» og betegner Vietnams åpning mot omverda og overgangen frå ein sentralstyrt planøkonomi til eit friare, mer markedsstyrt økonomisk system – ein såkalla «sosialistisk orientert markedsøkonomi». Reformane vart lanserte i 1986.

skeiv fødselsrate (kring 118 gutar per 100 jenter i 2012) (UNICEF 2015b). Barbieri & Bélanger uroa seg for eit liknande scenario då dei i 2009 skreiv at det også i Vietnam etter kvart hadde byrja å vise seg at «some girls are missing» (s. 424).

Dette har skjedd på trass av lovforbod og andre tiltak for å motverke det. Government Decree No. 104/2003/ND-CP av 2003 forbyr bruk av ultralyd og abort for kjønnsseleksjon. Decree No.114/2006/ND-CP av 2006 føreskriv bøter for bruk av ultralyd og abort for kjønnsidentifikasjon og -seleksjon, og inndreg i tillegg lisens og/eller sertifisering i ein–tre månader for personar eller organisasjonar som bryt desse reglane.

International Center for Research on Women (ICRW) hevda imidlertid i 2012 at gjennomføringa av desse dekreta er mangelfull: Tilbydarar av helsetenester vert ikkje monitorert, og det er inga sanksjoner for brot på forbodet (ICRW 2012, s. 9). Det er ikkje grunn til å tru at dette har endra seg radikalt sidan 2012, implementering av lovar og reglar er ei vedvarande utfordring i Vietnam. The Economist skreiv også i 2016 at forbodet mot kjønnsselektive abortar er vanskeleg å handheve. Ultralyd er lett tilgjengeleg, og sjølv om den nøyaktige abortrata i Vietnam ikkje er kjend, er ho antakelig blant verdas høgaste. Styresmaktene reknar at eitt av fem svangerskap ender i abort, men forskarar ved Central Obstetrics Hospital i Hanoi meiner at raten er det dobbelte (Economist 2016).

Ifølgje Vietnam sitt General Department of Population and Family Planning vart det fødd 114 gutar per 100 jenter i Vietnam i 2014 (Viet Nam News 2015c). Dette hadde endra seg frå ei tilnærma naturleg rate på 105 gutar per 100 jenter i 2005 (UNFPA 2009). Både Viet Nam News og Thanh Nien (2012) skriv at ubalansen i fødselsrata har kome seint, men raskt. Ifølge Thanh Nien var ubalansen størst i nord, med ratar over 120/100 i provinsar som Hai Duong, Nam Dinh, Thanh Hoa, Lao Cai, Lang Son og Bac Ninh. Quang Binh nord i sentral-Vietnam toppa lista i 2011 med ei fødselsrate på 127 gutar per 100 jenter.

Det er viktig å hugse på at dette er tradisjonelle oppfatningar, og at mange vietnamesarar i dag ser at døtrer kan vere like verdifulle som søner. Vietnam har høg kvinnedeltaking i arbeidslivet, og mange meiner at døtrer har meir omsorg og omtanke for familien, inkludert hjelpetrengande foreldre, enn mange søner har. Med den høge arbeidsmobiliteten i Vietnam, er det heller ikkje lenger ei sjølvfølgje at ein son (og kona hans) vert buande i nærleiken av foreldra hans.

4. FØDSELSREGISTRERING OG ANDRE ID-PAPIR

Fødselsregistrering vert hovudsakleg regulert gjennom sivilstatuslova (*Civil Status Law*) og Decree no. 158/2005/ND-CP (2005) *On Civil Status Registration and Management*, Kapittel II, Seksjon I.

Når eit barn vert fødd, vert det først skrive ut ein fødselsrapport (*birth certifying paper*) for barnet. Dette er det sjukehuset der barnet er fødd som gjer.⁴ Deretter skal

⁴ Dei fleste vietnamesiske barn vert no fødte på sjukehus, med unntak av hjå nokre få minoritetar, som til dømes somme stadar i Lao Kai-provinsen, der kring 30 % føder heime (WHO, møte i Hanoi 2015). For barn som ikkje vert fødte ved ein medisinsk institusjon, skal fødselsrapporten erstattast av ei skriftleg stadfesting frå vitne. Der vitne ikkje finst, må foreldra «make written pledges that the birth is real» (Decree 158/2005 §15(1)).

ein eller begge foreldra ta med seg fødselsrapporten, ekteskapsattesten (viss dei er gifte) og legitimasjon og gå til det lokale folkekontoret (*People's Committee*), fortrinnsvis der mor er registrert, men viss det er umulig, der far er registrert, og registrere barnet innan 60 dagar (Decree 158/2005 § 13(1) og 14).

Etterregistrering er regulert i dekretet sin Seksjon 9.

Far sitt namn står normalt ikkje i fødselsrapporten, men vert først registrert i fødselsregistreringa. Vietnam praktiserer *pater est*-prinsippet (Marriage and Family Law 2000, §63(1)). Det vil seie at når ekteskapsattesten vert framvist hjå Folkekontoret, vert ektemannen automatisk rekna som barnefar, om ikkje noko anna eksplisitt skulle verte gjeve uttrykk for. Hans namn vert så påført fødselsattesten sin rubrikk for fars namn.

Om barnet er fødd utanfor ekteskap og far er ukjend, skal rubrikken for fars namn stå tom i barnet sin fødselsattest (Decree 158/2005 §15(3)). Det er ifølgje den norske ambassaden i Vietnam (møte i Hanoi 2015) ikkje mogleg å føre inn eit namn i rubrikken for fars namn utan anten å ha førevist ekteskapsattest, eller at personen som skal stå oppført der, har samtykka og førevist legitimasjon. Unnataket er der «civil status judicial officials are well aware of the marriage between the infants' parents». Då treng ikkje ein ekteskapsattest med naudsyn framvisast (Decree 158/2005 §15 (1)).

Viss foreldra ikkje er gifte og far ikkje er til stades når barnet skal registrerast, må han på førehand skrive og underteikne ei farskapserklæring (*child recognition*):

If by the time of birth registration, an [out-of-wedlock] infant is recognized by some one, the commune-level People's Committee shall handle the child recognition and the birth registration at the same time (Decree 158/2005 §15 (3)).

Viss ein far vil etterregistrere farskapet (og rubrikken for namnet hans i fødselsregistreringa er tom), fyller han ut dei naudsynte skjemaa og leverer dei til den lokale Folkekomiteen der fødselsregistreringa først vart gjort. Barnets mor (og barnet) må samtykkje og vere til stades. Folkekomiteen skal så fylle fars namn inn i den tomme rubrikken (§34-35).

Viss det er feil i fødselsattesten, kan desse også rettast opp i samsvar med dekretet §35-40.

Det er mogleg å få ei ny utskrift av fødselsattesten, til dømes viss ein har mista originalen (Decree 158/2005 §15 (2)). Ein må da møte opp personleg på det lokale folkekontoret, eller ein må skrive ei fullmakt til ein stedfortreder som så går dit personleg. Det vil framgå av utskrifta at det er ei nyutskrift, og altså ikkje originalen (Norges ambassade i Vietnam, møte i Hanoi 2015).

Vietnam sine folkeregistre vart i stor grad øydelagde under Vietnamkrigen (eller i Vietnam: Den amerikanske krigen), og veldig mange privatpersonar mista fleire eller alle personlege papir. Det vil tenkjeleg derfor også vere mogleg å få produsert ein «ny original» fødselsattest. Orda *cap lai* (re-issue) skal då tydeleg førast på den nye attesten (Dekret 158/2005 §63).

Dei fleste vietnamesiske barn er registrerte innan dei fyller fem år – ifølgje Redd Barna er 96,7 % av *kinh*-barn og 84,9 % av barn med etnisk minoritetsbakgrunn registrerte innan fylte fem (Save the Children 2014, s. 30).

Decree No. 05/1999/ND-CP *On The People's Identity Card* regulerer utferding av identitetskort i Vietnam. Barn har rett og plikt til å skaffe seg, og til å bære, ID-kort frå dei er 14 år gamle. Dei må møte opp personleg hos det lokale politiet, for mellom anna å verte fotografert og avgje fingeravtrykk. Dei må førevisa fødselsattest og bustadsregistreringsbok (*ho khau*). Politiet skal deretter utferdige kortet innan 15 dagar i byar, eller 30 dagar andre stadar. Dekretet seier ingenting om korvidt foreldre må vere med ein mindreårig borgar som søker om ID-kort for første gong.

Kortnummeret på ID-kortet fungerer som eit slags personnummer: «Each citizen shall be granted only one people's identity card and have his/her own people's identity card number» (§3), og «The serial number of the people's identity card may be used for recording in a number of other civil documents» (§7).

5. UTDANNING OG VELFERD

Den vietnamesiske økonomien har gjennomgått ei rask utvikling i dei 30 åra som har gått sidan innføringa av reformperioden *doi moi*, og landet vert no definert hjå Verdsbanken som eit *lower middle income*-land (World Bank 2016). Styresmaktene har satt mykje inn på å eliminere fattigdom, og den er no drastisk redusert. Kor stor del av befolkninga som fortsatt er fattige, avheng av korleis ein reknar fattigdom, men det er uansett klart at fattigdommen no er mest konsentrert blant etniske minoritetar. Dei utgjer berre kring 15 % av befolkninga, men meir enn halvparten av dei fattige i landet, slik Verdsbanken (2016) reknar. Den nasjonale fattigdomsgrensa ligg på VND 400 000 (om lag NOK 150) per person i månaden på landsbygda og VND 550 000 (om lag NOK 200) i byane (Viet Nam News 2014b).

Mykje er også gjort for å innrullere heile befolkninga i det nye helseforsikrings-systemet, og for å hindre at sjukdom vert økonomisk katastrofalt for personar som vert ramma og familiane deira. Ein del arbeid står likevel att for å sikre desse idealane.

Vietnamesiske kvinner har som tidlegare nemnt høg deltaking i arbeidslivet, og dei har rett til seks månader fødselspermisjon med full lønn – pluss ein måned ekstra om dei har fått tvillingar. Dette gjeld både i offentleg og privat sektor og er lovfesta i arbeidslova (§157) (MOLISA 2015). Under fødselspermisjonen har kvinna rett på full løn (Social Insurance Law 2006, §35). Med den reviderte utgåva av Social Insurance Law som tok til å gjelde frå januar 2016 (men som enno ikkje er omsett til engelsk), kan nybakte fedrar også ta frå fem til 14 dagar betalt permisjon (opp frå maks sju dagar tidlegare), avhengig mellom anna av om det er eitt barn eller tvillingar (Vi 2015).

Vietnam har inga allmenn barnetrygd. Landet har imidlertid noko støtte til såkalla sårbare, fattige og adoptivfamiliar, samt ei «kontantstøtte» (*cash support*) til foreldreause barn og fattige åleineforsørgjarar. Storleiken på denne varierer med den enkelte sin situasjon, men ho låg i 2015 på minimum 270 000 VND (NOK 100) i månaden (MOLISA 2015). Andre barn kan få støtte til skulemat og liknande. Denne er på 120 000 VND (NOK 45) per måned i ni månader, altså for skuleåret sin varigheit. Barn frå fattige heimmar kan også få gratis helseforsikring (helsestell er gratis for alle barn fram til dei byrjar på skulen).

5.1 BARNEHAGE- OG SKULETILBOD

5.1.1 Barnehage og førskule

Før doi moi var barnehagar gratis og lett tilgjengelege – dei følgde gjerne med foreldra sin arbeidsplass, anten dette var eit kollektivbruk eller til dømes ein statleg eid fabrikk. Dette tilbodet forsvann i stor grad med marknadsorienteringa frå andre halvdel av 1980-talet, og gjennom 1990-talet var sektoren prega av underfinansiering. I dag står det i utdanningslova §25 (*Education Law*) at det skal vere barnehagar tilgjengelege for barn mellom tre månader og seks år, som er skulestartalder. Det er eit statleg ansvar at det er nok barnehageplassar, men staten oppmodar, mellom anna i utdanningslova, private interesser til å bidra i barnehageutbygginga.

Utviklinga i barnehagesektoren – frå småbarnsstadiet til «førskulen» for femåringar – har vore uoversiktleg, og «making sense of the data on preschool education in Vietnam is complicated, to say the least», som Jonathan London, førsteamanuensis ved City University of Hong Kong, formulerer det (2011). Det er tusenvis av private dagheimar, barnehagar og nabolagsarrangement rundt om i landet, mange av dei små og familiebaserte. Kontrollen med desse initiativa er ikkje tilstrekkeleg, og mange av dei opererer utan lisens frå styresmaktene (Tuoi Tre 2014). Det gjer at kvaliteten er varierende. I den eine enden av skalaen finn vi heimebaserte tiltak der eit pedagogisk opplegg kan mangle heilt, og i den andre enden finn vi dyre *state-of-the-art*-institusjonar som til dømes tilbyr undervisning i IKT, framandspråk og andre skuleførebuande emne.

Vietnamesiske kvinner har maksimalt seks månader fødselspermisjon, men dei aller fleste barnehagar tek berre imot barn frå eitt år og oppover. Dermed er mange avhengige av privat barnepass den første tida etter fødselspermisjonen (MOLISA, møte Hanoi 2015). Generelt er behovet for barnepass størst i industri- og eksportsonene, for der er det mange kvinnelige tilsette. Her er det ofte mange barnehagar i privat regi, men sidan denne marknaden som nemnt over i stor grad er uregulert, er tilliten til desse ofte låg. Ein del bedrifter, særleg utanlandskeide med auka fokus på samfunnsansvar, har også oppretta barnehagar for barna til dei tilsette (MOLISA, møte i Hanoi 2015).

I det store og heile er det likevel ikkje nok barnehageplassar, verken i industrisonene eller elles i landet. Særleg for barn under tre år er tilbodet tynt. Tal frå 2004 viser at berre 16 % av vietnamesiske barn under tre år gjekk i barnehage. For barn på tre og fire år, var talet 63 %, mens for femåringane var talet oppe i 92 % (UNESCO 2006). Det vil seie at det var omtrent like høg innrulleringsrate for femåringane som for seksåringane som byrja i 1. klasse. Desse tala er tolv år gamle, og det har ikkje lukkast Landinfo å finne nyare, heilskaplege tal. Dekningsgraden har imidlertid neppe endra seg vesentleg, for sjølv om det har kome til fleire tilbod, har også etterspurnaden auka. Møtepartnerar i Hanoi hausten 2015 meinte også at barnehagetilbodet i Vietnam ikkje dekkjer etterspurnaden (UNICEF; MOLISA, møte i Hanoi 2015). På meir isolerte stadar i fjellområda og på landsbygda finst det ikkje noko tilbod i det heile. Dette bidreg til den ufordelaktige utdanningssituasjonen som særleg mange minoritetsbarn er i (sjå nedanfor).

På grunn av den låge barnehagedekninga for yngre barn, er mange kvinner heilt avhengige av anten familie eller naboar som kan ta seg av barnet, eller av betalt barnepass i privat regi, om dei vil returnere til arbeidslivet når barnet er seks månader

og fødselspermisjonen er over (MOLISA, møte i Hanoi 2015). MOLISA var på møtetidspunktet i gong med utkast til eit nytt dekret om implementering av arbeidslova kva angår kvinner si arbeidsdeltaking. Tilgang til barnehagar vert vektlagt i dette arbeidet. Dekretet skal også oppmode arbeidsgjevarar i industrisonar til å opprette ammerom for dermed å lette kvinner si arbeidsdeltaking. Til no har i overkant av 100 bedrifter, hovudsakleg utanlandskeide, oppretta slike rom (MOLISA, møte i Hanoi 2015).

5.1.2 Grunnskule

Skulestart i Vietnam er ved seks års alder (Utdanningslova §26 (1a)). Dei første fem åra av grunnskulen vert kalla «primary school» (heretter: barneskulen) og er obligatoriske for alle barn. Dei neste fire åra kallast «lower secondary school» (heretter: ungdomsskulen). Desse til saman ni åra er ifølgje utdanningslova (2005, § 11(1)) «universelle». §11(2) seier at «All citizens within the defined age groups have the obligation to learn in order to obtain the level of universalized education».

Av desse ni åra er det likevel berre dei første fem som er gratis – Vietnam si grunnlov (revidert 2014, §61(2)) og Law on Children's Protection (art. 16 (2)) slår fast at barneskulen skal vere gratis og obligatorisk. Frå det året barna byrjar på ungdomsskulen i 6. klasse, er det fullt lovleg å krevje skulepengar, og dei aller fleste skulane gjer då også det. Det finst mange ulike typar privatskular i Vietnam, men dei fleste barn går på offentleg skule.

Trass i at barneskulen skal vere gratis, er det mange avgifter å betale allereie frå skulestrart i 1. klasse, til uniformer, bøker, skrivebøker, blyantar og anna skuleutstyr, men også til meir «irregulære» formål som til dømes reinhald, vedlikehald, vakthald og gartnarar (Hoang 2013; Thanh Nien 2015; UNICEF 2015a).

Jonathan London (2011, s. 24) skriv at anslaga varierer, men at mykje tydar på at

[...] household spending on education approaches or exceeds public spending, and that, proportionally, household spending on education is higher in Vietnam than in other countries in East Asia, save Cambodia.

Det er store skilnader i hushalda sine utgifter til skulegang, både mellom ulike regionar og inntektsgrupper. I 2008 var estimerte reelle utgifter per elev siste 12 månader i gjennomsnitt 671 000 VND (ca. NOK 250) for kategorien «fattige» og 4 319 000 VND (ca. NOK 1 625) for kategorien «rike». Mykje av pengane som den rikare delen av befolkninga bruker, går til privat- og ekstraundervisning. London (2011) skriv at det i 2008 ikkje var uvanleg for hushald i Hanoi og Ho Chi Minh City å bruke meir enn USD 100 i månaden på ekstratimar – ein utenkjeleg sum for fattige hushald uansett region. Også desse tala er nokre år gamle, men det er liten tvil om at forholdstala er dei same eller større i dag.

Dei aller fleste vietnamesiske skular tilbyr ekstraundervisning i fag som til dømes matematikk, engelsk og/eller vietnamesisk. Ifølgje Inter-American Development Bank har vietnamesiske grunnskuleelevar i gjennomsnitt 17 timar ekstraundervisning i månaden. Ein stor del av desse timane vert gjeve av private institusjonar, og kan såleis altså være svært dyre, avhengig av tilbydaren (Luque 2014). Dette skuldast delvis at Vietnam har relativt få arbeidstimar i skuleverket samanlikna med andre land i regionen: Skuledagen er kort, og det krevjar ekstra betaling for ekstra timer for å kome opp i full skuledag (UNICEF, møte i Hanoi 2015). Mange foreldre ser seg

derfor nøydde til å betale for ekstraundervisning og/eller ein form for skulefritidsordning både for at barna skal vere ivaretekne medan foreldra er på arbeid, men også for at barna skal gjere det godt på skulen og få ei best mogleg grunnutdanning.

I tillegg til dei meir og mindre regulære avgiftene og utgiftene, er det ikkje uvanleg å høyre folk fortelje om korleis ein kan bestikke læraren for at ein elev anten skal få betre karakterar enn han/ho fortener eller, i somme tilfelle, for at han/ho ikkje skal verte ufortent satt ned i karakter. Det er vanskeleg å seie kor utbreidd dette er, for det er lite talfesta forskning å finne, men mange kan fortelje historier om korleis dei (eller oftare: nokon dei kjenner) har fått retta litt på eit skuffande resultat ved å betale litt for det (sjå til dømes Vietnam Language Centre 2012).

Når ein legg saman formelle og uformelle avgifter samt utgiftene til ekstraundervisning, vert dei samla utgiftene til utdanning store for eit gjennomsnittleg hushald i Vietnam (UNICEF, møte i Hanoi 2015; Vu, møte i Oslo 2016). Dette bidreg til at ein del barn sluttar på skulen før dei elles ville gjort (sjå også Hoang 2013).

Det er ganske låg dropp ut-rate i den vietnamesiske grunnskulen, i alle fall for dei første fem åra. UNICEF (2013, s. 12) skriv at 88 % av femåringane gjekk på førskule i 2008. Heile 96 % av barna mellom seks og ti år gjekk på skule i åra 2008–2012, og den såkalla «Survival rate to last primary grade» var på 93 %. På ungdomsskulen var innskrivingsrata i 2008–2012 cirka 83 %, og i upper secondary school (som altså ikkje er del av den «universelle» skulen) var det nesten 40 % fråfall (UNICEF 2013). Det totale talet barn mellom fem og fjorten år som ikkje gjekk på skule eller førskule i 2008, var ifølgje UNICEF (2013) 1 127 345.

Kvaliteten på vietnamesisk grunnskule kan nok variere ein del frå stad til stad. Kanskje er han likevel betre enn sitt rykte, som gjerne har halde han fram som puggesentrert og pedagogisk gamaldags. Kanskje særleg i Vesten var overraskinga derfor påtakeleg då vietnamesiske skuleelevar skåra høgt i den første PISA-testen Vietnam deltok i i 2012. Der gjorde vietnamesiske elevar det betre enn sine jamaldra ikkje berre i fleire land i regionen, men også i USA, Australia og Storbritannia. Det er fleire teoriar om kva desse gode resultatata skuldast, men mykje tydar på at det ikkje berre er testtilpassing. OECD peiker på at landet bruker heile 21 % av offentlege utgifter (*government spending*) på utdanning, at dei har eit grunnskulepensum som går meir i djupna enn i breidda, og at lærarar og utdanning er høgt respektert og verdsett i Vietnam (Schleicher 2015).

5.1.3 Skuletilgang for barn med funksjonshemmingar

Vietnam har forholdsvis mange barn og vaksne med funksjonshemmingar, kanskje så mange som ein million (Bergeron & Tanaka 2011), mellom anna som eit resultat av krigen på 1960- og 1970-talet då amerikanske fly sprøyta store mengder av det svært giftige *defoliant*-middelet Agent Orange utover vietnamesisk skog og dyrka mark. Sjøl om det no er over 40 år sidan krigen tok slutt, finst gifta (dioxin) stadig i jorda som folk dyrkar og i fisken som folk et, og det gjer at det fortsatt vert fødd barn med store misdanningar (Thanh Nien 2013).

Barn med ulike funksjonshemmingar har vanskeleg for å få tilgang både til vanleg skule og til tilpassa skulegang. Ifølgje Redd Barna sitt Vietnam-kontor (Save the Children 2014, s. 27) har kring halvparten av vietnamesiske barn med

funksjonshemmingar ikkje tilgang til utdanning i det heile, og svært få barn med funksjonshemmingar går på vanleg skule. I 2011 var talet 0,5 % i regulære barneskular og 0,2 % i regulære ungdomskular (her er MOLISA Redd Barna si kjelde). Ifølgje UNICEF (2013, s. 32) er deltakingsrata (*net attendance rate*) for funksjonshemma barn 12,6 % i barneskulen og 4 % i ungdomsskulen (mot altså høvesvis 96 % og 83 % for funksjonsfriske).⁵

Redd Barna meiner derfor at landet sine tiltak for inkluderande utdanning ikkje har fungert for majoriteten av barn med funksjonshemmingar. Organisasjonen meiner dette skuldast manglande finansiering, negative haldningar til funksjonshemma barn, mangel på lærarar med trening i inkluderande undervisning og mangel på tilrettelagde offentlege fasilitetar. Ifølgje Redd Barna manglar nesten alle regulære skular ramper og anna tilrettelagt tilkomst for barn med bevegelsehemming, noko som gjer det nesten umogleg for dei å delta i undervisninga om dei ikkje har ekstra støtte (Save the Children 2014, s. 27).

Av dei funksjonshemma barna som går på skule, er også dropp ut-rata høg. Dei aller fleste funksjonshemma barn i Vietnam får derfor lita eller inga utdanning (Save the Children 2014).

UNICEF (2009) skriv også at

Of the children with disabilities who do receive an education, the education system segregates children with disabilities by placing them in separate schools or classrooms. Although some efforts have been made to create an inclusive education system, technical and financial support is lacking. A lack of teacher training and information also contributes to the lack of inclusive education. Finally, many children with disabilities do not receive the reasonable accommodations that would enable them to learn in either special or inclusive schools.

Nokre av tala som UNICEF her baserar seg på, er frå 2004–2005, og kanskje kan tilhøva ha vorte betre sidan den gong. Men det er fortsatt klart at funksjonshemma barn i Vietnam har eit mykje dårlegare undervisningstilbod enn andre, funksjonsfriske barn.

5.2 HELSETILBOD OG -TILGANG FOR BARN

Gjennom mellom anna ein høg vaksinasjonsprosent (kring 98 for dei vanlege sjukdommane), har Vietnam redusert barnedødeligheita for både nyfødde og barn under fem år til det halve frå 1990 til 2006. I 2011 nådde landet MDG-målet, som var å redusere barnedødeligheita med 2/3 frå 1990-nivået. Etter det har utviklinga imidlertid gått saktare (Save the Children 2014).

Law on Child Protection §15(2) fastset at barn under seks år skal ha gratis helsehjelp ved alle offentlege helsesenter, og i §27(4) står det at regjeringa skal øyremærke ein separat post i budsjettplanane for provinsane til dette formålet.

For barn under seks år er alt av helseutgifter gratis, det vil seie dekkja av det offentlege. Når barna når seks års alder og vert innskrivne på skulen, vert dei samstundes skrive inn i helseforsikringssystemet. Det går ifølgje WHO (møte i

⁵ For definisjonen Unicef nyttar for «funksjonshemming», sjå Unicef 2013, s. 11.

Hanoi 2015) meir eller mindre automatisk, men det medfører ei ekstra utgift, altså ein ekstra forsikringspremie, på 300 000 dong i året (ca. NOK 120). Dette kan vere ei ganske stor utgift der og då for fattige familiar.

Tilgangen på helsetenester er generelt ganske god i Vietnam. Det vietnamesiske helsedepartementet rapporterte i 2013 at 99 % av landet sine kommunar (*communes*) og tettstader (*towns*) hadde minst eitt helsesenter, og at 75 % av desse hadde ein lege som arbeidde anten full tid eller tre dagar i veka. Men minoritetar og andre som bur meir isolert, har meir avgrensa tilgang til helsetenestar. Mange av dei lokale helsesentra manglar kvalifiserte legar og/eller sjukepleiarar. I fjella, særleg i nord og nordvest, kan reisa til helsesenteret ta ein halv dag og innebere ei betydeleg utgift. Dette har sjølvstøtt også følgjer for tilgangen til augeblikkeleg hjelp (Save the Children 2014, s. 26).

Mange stader på landsbygda har folk framleis meir tru på lokale helbredarar og tradisjonelle medisinar, og dette, samt at dei kan vere opptatte med arbeid på jordene, gjer at ein del mødrer ikkje bringer barna til vaksining. I tillegg kan meir standard medisinar vere svært dyre, særleg om ein ikkje har riktig type forsikring. Desse tilhøva utgjør ifølgje Save the Children (2014, s. 26–30) også eit hinder for barns rett til helse i Vietnam.

Ei anna gruppe som har avgrensa tilgang på helsetenester, er migrantbarn (sjå nedanfor om desse). For meir om helsetilbodet generelt i Vietnam, sjå Landinfo (komande).

5.3 VANSKELEGSTILTE BARN

Law on Child Protection frå 2004 har eit eige kapittel om «disadvantaged children»: I lova sin artikkel 40 (2) står det:

The care for and nurture of disadvantaged children shall be carried out mainly at their families or surrogate families. The care for and nurture of disadvantaged children in child-support establishments shall only apply to those children who are not cared for, or brought up, in their families or surrogate families.

Ifølgje Viet Nam News (2014a) er det kring 23 millionar barn i Vietnam. Av desse er heile 1,4 millionar i kategorien «disadvantaged». Kva for barn som er «disadvantaged» eller «vanskelegstilte», avheng av definisjonen. Hong & Ohno (2005) skriv at MOLISA sin definisjon av «disadvantaged children» inkluderer følgjande kategoriar: (1) foreldreause og forlatne barn; (2) funksjonshemma barn; (3) barn som har fått helse si påverka av kjemiske eller giftige stoff; (4) hiv/aids-påverka barn; (5) barn som arbeider under tøffe, giftige eller risikable tilhøve; (6) barn som bur og arbeider langt unna familiare sine; (7) gatebarn; (8) barn som blir seksuelt utnytta; (9) narkotikaavhengige barn; og (10) unge lovbrytarar.

Gitt lova sin definisjon av «barn», vil disse kategoriene gjelde personer under 16 år.

Hong & Ohno (2005) gjev også att MOLISA sin definisjon av street children» som «children who leave their families, earn their living by themselves, and have unstable working and living locations; or children wandering on the street with their families». Kva gjeld talet på gatebarn, skriv USDS (2016, s. 44) at uavhengige, ikkje-statlege organisasjonar rekna at mellom 23 000 og 25 000 barn bur på gata og at desse iblant vert mishandla og trakassert («abused or harassed») av politiet.

Jesper Mørch, tidlegare landrepresentant for UNICEF i Vietnam, anslo i 2009 at talet på vanskeligstilte barn var på veg opp. MOLISA sitt tal på foreldreause barn var då 168 000, og av dei var det kring 15 000 som budde på institusjon (Mørch 2009).

Eit problem når det gjeld data om talet på foreldreause og sårbare barn, er at det sirkulerer ulike, og inkompatible, tal frå ulike kjelder. Meir nøyaktige tal er oftast eit gjennomsnitt ekstrapolert frå eit vidtspennande overslag. Eit slikt tal som var mykje sitert for ei tid tilbake, var MOLISA sitt estimat over foreldreause og sårbare barn på 283 667 (Biemba et al. 2009).

5.3.1 Adopsjon, fosterordningar, barneheimar

Viet Nam News (2014a) skriv at vanskeligstilte barn gjerne vert tekne vare på i «social welfare centres» – kring 22 000 barn bur ifølgje avisa på institusjon – eller dei vert adopterte eller plassert i fosterheim hjå slektningar eller andre. Sentre eller personar som formelt tek omsorga for trengjande barn, kan få frå VND 270 000 til VND 810 000 (NOK 100–300) i månaden, pluss anna stønad til helsestell, utdanning og yrkesopplæring.

Same stønad kan i samsvar med eit dekret frå 2014 (136/2014/ND-CP – ikkje omsett til engelsk) verte gjeve til fattige familiar for at barna skal kunne bli buande hjå dei. Dekretet slår fast at minimumsstøtta på VND 270 000 skal verte gjeve til «personar som lever under ekstremt vanskelege tilhøve» og at denne summen kan gangast med mellom ein og tre avhengig av familiesituasjonen. Den kan altså kome opp i VND 810 000 i månaden. Mottakarane skal også få gratis helseteneste, utdanningsstønad og yrkesopplæring. Ifølgje Viet Nam News (2014a) er 400 000 av landet sine 1,4 millionar vanskelegstilte barn kvalifiserte til denne stønaden, anten i form av stønad til familien eller til alternativ omsorg.

5.3.1.1 Adopsjon

Vietnam har lang tradisjon for uformelle løysingar, der slektningar eller – der desse manglar – naboar i landsbyen har teke seg av barn av foreldre som er daude, borte eller ikkje kan ta seg av dei (Mørch 2009). Dette har ofte vore ei dygd av naudsyn, ettersom staten ikkje har vore til stades med adekvate offentlege tilbod.

I Vietnam har adopsjon i varierende grad vore ein utveg for barnause ektepar som trong ein arving (både av økonomiske og «andelege» årsakar). Dei kunne då adoptere ein gut som kunne ta den viktige rolla i familien som (eldste) son (sjå til dømes Diem 2011).

Til dømes skriv Bich (1998 s. 206) at:

...this way of coping with the lack of male childlessness (sic) varies from place to place. In Luong Dien village, [...] Thai Binh province, all sixteen families (out of a total of 400) without male progeny over the past three decades (1954-84) have shown a preference for child adoption [...].

Ikkje desto mindre har blodslinja mange stader vore så viktig for vietnamesiske familiar, at adopsjon ikkje har vore eit alternativ når ein son ikkje kom på den «vanlege» måten. Bich (1998) skriv at ein del vietnamesiske hustruer utan soner har valt å la ektemennene sine ta konkubiner for at dei på den måten kan freiste å få ein arving. Bich (1998, s. 204) siterer også ein anna forfattar som skriv at sonause kvinner nokre stader seier til kvarander *Be con chong hon bong chau ho*: «Betre å

bære på barnet til din ektemann [som han har fått med ei konkubine] enn på eit adoptert barn».

Det er lite tal tilgjengeleg om kor utbreitt slike verdiar fortsatt er eller kor vanleg innanlands adopsjon er i Vietnam i dag. Adopsjon er imidlertid fullt mogleg, og både innan- og utanlands adopsjon er regulert gjennom adopsjonslova av 2010. Ho slår fast (art. 9) at det er Folkekomitéane, fortrinnsvis på lokalt (kommune-) nivå, som administrerer og registrerer adopsjonar. Sentralt sorterer adopsjon under Ministry of Justice. Både einslege og ektepar kan adoptere.

Ifølgje MOLISA (møte i Hanoi 2015) er adopsjon, saman med institusjon (barneheim), siste moglege løysing for vanskelegstilte barn etter at slektningar og surrogat-/fosterfamilie er utprøvd. Det vert gjeve prioritet til nær slekt når barn skal adopterast, men andre høve, som til dømes alder og eignaheit, vert teke omsyn til. Dertil skal barnet sitt samtykke hentast inn frå fylte ni år (MOLISA, møte i Hanoi 2015).

Viet Nam News (2014a) skriv at kring 6000 vietnamesiske barn vert adoptert kvart år, men artikkelen presiserer ikkje om dette er i eller utanfor landet.

5.3.1.2 Fosterordningar

I Law on Child Protection vert foster-/surrogatordningar nemnd fleire stader – mellom anna skal Folkekomitéane sørge for at barn av foreldre som vert fengsla, får omsorg i «surrogate families or childsupport establishments» (§ 25(3)).

Paragraf 43 i same lov omhandlar «Forms of support for disadvantaged children» og slår fast at desse inkluderer: frivillige donasjonar, adopsjon, «sponsing» eller å være såkalla surrogatfamilie. Paragrafen seier imidlertid ikkje noko meir om kva dette inneber eller korleis det skal gjerast formelt.

Familiar og «community-based care organisations» som stiller opp som fosterfamilie/-heim for trengande barn, kan få same stønad som den som vert nemnt i avsnitt 5.3.1. Dei vil også kunne få opplæring i fosteromsorg og ein del andre mindre, økonomiske fordelar (Viet Nam News 2014b).

Den tidlegare UNICEF-representanten Jesper Mørch skreiv i 2009 at «formal foster care as recognized internationally does not exist yet in Viet Nam». Dette kan imidlertid vere i ferd med å endre seg. Det siste tiåret har fokuset i Vietnam skifta frå institusjonalisering av vanskelegstilte barn, til familiebasert omsorg, anten i barna sine eigne familiar, som så får støtte frå det offentlege, eller i fosterfamiliar. Den ovanfor nemnte stønadsordninga spelar venteleg inn her, og ein del internasjonale organisasjonar bidreg også i dette arbeidet (Viet Nam News 2014b)

Ifølgje Viet Nam News (2014a) var 170 000 barn i Vietnam i «foster care» per 2014.

5.3.1.3 Barneheimar

Artikkel 41 slår fast at omsorg for barn skal finne stad i *child support establishments* der familiare deira eller fosterfamiliar ikkje kan gjere dette. Artikkel 44 slår fast at både privatpersonar og organisasjonar kan etablere *child support establishments* under visse føresetnader om kvalitet og økonomistyring.

Ifølgje UNICEF var kring 20 000 barn på institusjon i Vietnam i 2013, og over halvparten av desse var funksjonshemma på ein eller anna måte (Thanh Nien 2013). Det er ikkje heilt uvanleg at barn som vert fødde med funksjonshemmingar, vert

etterlatne utanfor barneheimar eller velgjerande organisasjonar, presumptivt av fattige foreldre/åleinemødrer som ikkje ser seg i stand til å ta vare på dei.

Bergeron & Tanaka (2011) skriv at majoriteten av barna som budde på institusjon i Vietnam i 2004, hadde minst ein forelder i live. Mange av desse foreldra ville gjerne hatt ungane heime, men såg seg ikkje økonomisk i stand til det. Det er mellom anna slike situasjonar dei nyinnførte økonomiske støtteordningane nemnt over tek sikte på å avhjelpe.

Det finst mange barneheimar i Vietnam, men Landinfo har ikkje tilstrekkeleg grunnlag for å seie noko substansielt om kvantiteten eller kvaliteten på dei.

5.3.2 Migrantbarn og etterlatne barn

Det er stor intern migrasjon i Vietnam, særleg er det mange som flytter frå landsbygda til dei store byane eller industrisonene. Store plantasjar i innlandet, til dømes i Central Highlands, tiltrek seg også arbeidarar frå andre provinsar. Det er kanskje kring 6,5 millionar interne migrantar (omlag 6 % av befolkninga) i Vietnam, og om lag 3,5 millionar av desse hadde flytta over ei eller fleire provinsgrensar. Kring halvparten av migrantane flyttar av økonomiske skil, det vil seie for arbeid, mens ein av fem flyttar for å gifte seg. Dei fleste migrantar er i arbeidsfør alder – modalalderen er 20 år – men det er også eit ikkje ubetydeleg tal medfølgjande barn (Anh, Vu, Bonfoh & Schelling 2012; Coxhead, Cuong & Vu 2015).

I Vietnam er bustadsregistreringa (*ho khau*) viktig for kva sosiale godar ein person har tilgang til. Grovt sett har ein rett til desse godane der ein er bustadsregistrert, men inga eller avgrensa rett til slike godar andre stader i landet. For interne migrantar og barna deira, tyder dette at til dømes skule og helsetenester, samt hus, vatn og straum, kan vere vanskeleg tilgjengeleg dit dei flyttar fordi dei vil måtte betale for desse tenestene og ofte meir enn dei har råd til (UNFPA 2010; Dang 2006 i Coxhead et al. 2015). Den vanlege vietnamesiske helseforsikringa er ikkje mobil, det vil seie at ho berre er gyldig der innehavaren er bustadsregistrert. Dette er eit problem for mange migrantar og barna deira, ettersom dei dermed ikkje er forsikra der dei faktisk bur (WHO, møte i Hanoi 2015).

Migrantar har såleis lågare sannsyn for å ha helseforsikring og dermed for å oppsøke profesjonell hjelp når dei vert sjuke (Haughton 2010 i Coxhead et al. 2015). Likeeins er manglande registrering eit hinder for skulegang for mange barn av lågtlønna migrantar. Urbane skular er ofte overfylte, og desse prioriterer – med dekning i lova – barn av byen sine eigne innbyggjarar. Barn utan eller med mellombels bustadsregistrering, må betale høgare avgifter på offentlege skular, gå på private skular, eller ikkje gå på skule i det heile (Oxfam and ActionAid 2012 i Coxhead et al. 2015).

Migrantarbeidarar med barn kan anten ta barna med seg når dei flyttar, eller etterlate dei hjå besteforeldre eller andre slektningar når dei sjølve reiser ut for å arbeide. Atter andre tek ei bestemor med til byen for å passe ungane medan dei sjølv er på arbeid. Barn i barnehage- eller barneskulealder vert ofte att heime, sidan det er i heimkommunen dei har tilgang til offentleg skule. Jones et al. (2014) fann blant sine informantar sør i landet at barn som migrerer saman med foreldra sine, som oftast er i den tidlege ungdomsfasen (*young adolescents*) der dei akkurat er ferdige med barneskulen – og at mange av dei ikkje vender attende til skulen. Dette var imidlertid ei kvalitativ studie og treng såleis ikkje vere representativt for vietnamesiske migrantar generelt.

Det har ikkje lukkast Landinfo å bringe på det reine kor mange migrantarbeidarar som vel den eine eller andre løysinga. Men Jones et al. (2014) skriv at det i Sørøst-Asia kan dreie seg om til saman 100 millionar barn som er etterletne. Det finst lite tilgjengeleg forskning på korleis desse barna greier seg. Som Jones et al. (2014, s. 33) skriv, har migrasjonsforskninga «tended to ignore left-behind children», og det har vore lite anerkjening av at barn som migrerer saman med foreldra sine, ikkje med naudsyn er utanfor all fare («safe from harm»).

I Kina, der den interne arbeidsmigrasjonen har vore stor og stadig aukande sidan 1990-talet, er det gjort meir forskning, både på kor mange barn som vert etterlatne på landsbygda og korleis ein oppvekst hjå besteforeldre eller andre slektningar (eller for stadig fleire: på kostskule) påverkar dei på kort og lang sikt. Resultata derifrå tyder på at barn av foreldre som er borte over lengre tid, kan få mentale problem (angst, depresjonar, låg sjølvkjensle og liknande). Dei presterer ofte dårlegare på skulen (sjølv om funna varierer), og har høgare risiko for ungdomskriminalitet og sjølv mord. Ein del forskning tydar på at det særleg påverkar barna si helse og kognitive utvikling negativt når foreldra migrerer for lange periodar (sjå Branigan 2014; Sun et al. 2015; Economist 2015).

Barn som migrerer saman med foreldra sine, har ofte dårlegare tilgang på helsestell og skule, er oftare i arbeid (lønna eller meir «uformelt»), og har gjerne lite samvær med hardtarbeidande foreldre. Som følgje av mellom anna lite tilsyn og av at lokale styresmakter gjerne ikkje kjenner til at dei bur der, har desse barna høgare risiko for å verte utsett for kriminelle handlingar, dregne inn i narkotikaproblematikk eller verte offer for menneskehandel (Save the Children 2014; Jones et al. 2014; Economist 2015).

Jones et al. (2014, s. 11) skriv at:

[...] 'children who migrate with their parents/carers are by no means guaranteed protection from exploitation and abuse', as many end up working in highly dangerous environments although they continue to enjoy parental care [...].

Dei offentlege barneskulane i Vietnam har plikt til å skrive inn alle skulepliktige barn som er bustadsregistrerte i kommunen/distriktet. Dei har derimot ikkje plikt til å ta inn barn av arbeidsmigrantar og andre som er bustadsregistrerte ein anna stad i landet viss alle plassane allereie er opptekne av lokale elevar. Privatskular er opne for alle, men dei er oftast svært dyre, og det er enno ikkje etablert eit offentleg system med skular spesielt for migrantbarn (UNICEF, møte i Hanoi 2015).

Vietnam sitt General Statistics Office har derfor konkludert med at sannsynet for å gå på barne- og ungdomsskule var «mykje lågare» for migrantbarn enn for andre barn (Jones et al. 2014). Ifølgje UNICEF (møte i Hanoi 2015) er migrantbarn den gruppa med tredje høgaste dropp ut-rate frå grunnskulen etter funksjonshemma barn og barn med etnisk (og språkleg) minoritetstilhørsle.

Foreldre som migrerer saman med barna, må altså betale ganske betydelege summar viss barna skal få skulegang. For dei som ikkje råd til det, blir løysinga ofte å setje eldre søsken til å passe dei yngre medan foreldra er på arbeid. Dette har sjølv sagt konsekvensar både for tryggleiken for dei små ungane og skulegangen for dei eldre (Jones et al. 2014).

5.3.3 Hiv-positive barn

5.3.3.1 Smittetal og behandling

Hiv/aids er ein «concentrated epidemic» i Vietnam, det vil seie at viruset i høg grad rammar innafor risikogrubbene. Desse er i hovudsak sprøytenarkomane, menn som har sex med menn og kvinnelege sexarbeidarar (og partnarane deira). Hiv-epidemien er også geografisk konsentrert. Hanoi og Ho Chi Minh City har dei høgaste smittetala, og dertil er det ein del tilfelle i dei nordlege og nordvestlege fjellprovinsane (som Dien Bien og Son La), fjella i Nghe An og Thanh Hoa, samt i Mekong-deltaet og dei søraustre provinsane (Global Fund 2014).

Det er uklart kor mange barn som lever med hiv i Vietnam. UNAIDS (2015) rekna at det var kring 5000⁶ hiv-positive under 15 år i Vietnam per 2015. Talet er synkande: Det vietnamesiske helsedepartementet rekna at kring 8 500 vietnamesiske barn var smitta av hiv i 2010, og The Vietnam Administration of HIV/Aids Control Program rekna talet til heile 9 800 i 2005 (RFA 2010; Tran & Mwanri 2013).

Ei årsak til at talet på smitta barn er synkande, er at talet på nye smittetilfelle dei seinare åra er kraftig redusert med betre skydd mot smitte frå mor til barn. Nyfødd-diagnostisering var ifølgje det vietnamesiske helsedepartementet (Ministry of Health 2014, s. 8) oppe i 68 % i 2014. Mor-til-barn-smittevern har også den seinare tida byrja å verte integrert i helsetenestene kring familieplanlegging. Hiv-rådgjeving og -testing for gravide har vorte desentralisert til kommunehelsetenesta, og systemet som tilviser gravide som har testa positivt for hiv til behandling, har også vorte styrka (Ministry of Health 2014, s. 27).

Nyfødde i risikogrubbene vert altså raskt testa og får behandling viss dei er hiv-positive. Ifølgje USAID (møte i Hanoi 2015) er kring 4000 av dei estimerte 5000 hiv-smitta barna i Vietnam no på ARV-behandling. At dei resterande 1000 ikkje vert behandla, kan skuldast at dei (og foreldra deira) ikkje veit at dei er smitta, eller andre tilhøve som låg sjukdomsforståing, høge reisekostnadar, eller det USAID kalla «poor health seeking behavior».

Helsedepartementet rekna at ein stor del av dei hiv-smitta barna budde på gata, nokre som følgje av at dei hadde mista foreldra sine i aids (RFA 2010). Ifølgje UNAIDS (2015) var kring 54 000 barn foreldreause på grunn av aids i 2015. The Vietnam Administration of HIV/AIDS Control Program estimerte at 457 700 barn var påverka (*affected*) av hiv/aids gjennom at dei var foreldreause eller på anna vis sårbare på grunn av hiv/aids i familien (Tran & Mwanri 2013, s. 31).

Når det gjeld hiv-behandling generelt, sa USAID (møte i Hanoi 2015) at medisinar er tilgjengelege, og at hiv-positive får behandling. Dei sa også at behandling som er starta opp i utlandet, til dømes i Noreg, kan fortsetjast i Vietnam, så lenge det dreier seg om nokon lunde standard medisinar som fyller kvalitetskrava til den vietnamesiske administrasjonen. ARV er i praksis ikkje dekkja av helseforsikringa enno, og medisinarane kan vere dyre, avhengig av om ein treng første- eller andrelinjemedisinar. Antiretroviral behandling er imidlertid gratis for alle barn til og med 15 år i Vietnam, ifølgje USAID (e-post 17. august 2016).

⁶ Reikna frå eit estimat på mellom 3 900 og 6 100.

Det er i dag kring 350 poliklinikkar over heile landet som tilbyr ARV-behandling til hiv-pasientar (USAID, møte i Hanoi 2015).

Gjennom det uomsette Dekret 136/2014 (sjå side 17) kan hiv-positive barn også kvalifisere til grunnstøtta på VND 270 000 (NOK 100) i månaden, som avhengig av omstenda altså kan tredoblast opp til VND 810 000 (NOK 300).

5.3.3.2 Andre konsekvensar av hiv/aids for barn

Hiv og aids er forbunde med mykje redsle og sosialt stigma i Vietnam. Mange veit framleis ikkje korleis viruset smittar, og dette gjev grobotn for diskriminering og utfrysing av barn, eksempelvis i skulesamanheng. Til dømes skreiv Time Magazine i 2009 om eit tilfelle i Ho Chi Minh City der nokre hiv-positive, foreldreause barn frå ein lokal barneheim skulle få byrje på skulen i nabolaget, men der foreldra til fleire av dei andre ungane nekta barna sine å gå på skulen om barna frå barneheimen var der (Overland 2009).

Law on HIV/AIDS Prevention and Control forbyr stigmatisering og diskriminering av hiv-positive (§ 8(3)). Ho forbyr også obligatorisk hiv-testing (§ 8(7)), og skular har ikkje høve til å forlange at søkjarar/elevlar testar seg (§ 15(2)). Det er etter § 15 heller ikkje høve til å avvise ein søkjar eller utvise ein elev/student på grunn av at hen er hiv-positiv. Det er også ulovleg å halde hiv-positive elevlar utanfor fellesaktiviteter. Ikkje dess mindre fann ein studie utført av det vietnamesiske Institute for Social Development Studies (ISDS) at barn som lever med, og/eller er påverka av hiv/aids (til dømes fordi eit familiemedlem er smitta), kan oppleve utestenging frå skulen eller sosial isolasjon der, fordi dei andre barna unngår dei. Nokre vert også gjort narr av og/eller vert utsette for mobbing og vald frå medelevane sine.

Ei undersøking som MOLISA og UNICEF gjorde attende i 2005, synte at barn som var påverka av hiv/aids hadde mange problem, mellom anna dårleg tilgang på næringsrik mat, bustad, beskyttelse, helsestell, utdanning og yrkesopplæring samanlikna med barn som ikkje var påverka. Dei hadde også større psykososiale utfordringar. Vietnamesiske styresmakter starta same år opp hiv-behandling for positive barn, og i 2009 lanserte regjeringa ein nasjonal handlingsplan for foreldreause og sårbare barn påverka av hiv/aids. Den skulle forbetre desse tilhøva for dei påverka barna, men Tran & Mwanri (2013) skriv i konklusjonen sin at vidare forskning på verknaden av politiske og ikkje-statlege tiltak for å redusere stigma og diskriminering av barn som lever med eller er påverka av hiv, er naudsynt. Så langt er ikkje målsettinga nådd.

6. REFERANSER

Skriftlege kjelder

- Anh, L.T.K., Vu, L.H., Bonfoh, B. & Schelling, E. (2012). *An analysis of interprovincial migration in Vietnam from 1989 to 2009*. Global Health Action vol. 5. Tilgjengeleg frå <http://www.ncbi.nlm.nih.gov/pmc/articles/PMC3535692/> [lasta ned 18. august 2016]
- [Adopsjonslova] (2010). *Law on Adoption*. Tilgjengeleg frå http://moj.gov.vn/vbpq/en/lists/vn%20bn%20php%20lut/view_detail.aspx?itemid=10483 [lasta ned 18. august 2016]
- [Arbeidslova] (2012). *Labour Code*. Tilgjengeleg frå <https://www.ilo.org/dyn/natlex/docs/MONOGRAPH/91650/114939/F224084256/VNM91650.pdf> [lasta ned 18. august 2016]
- Bennett-Jones, O. (2000, 8. november). Vietnam's two-child policy. *BBC*. Tilgjengeleg frå <http://news.bbc.co.uk/2/hi/asia-pacific/1011799.stm> [lasta ned 18. august 2016]
- Barbieri, M. & Bélanger, D. (2009). Afterword. I: Barbieri, M. & Bélanger, D. (red.), *Reconfiguring Families in Contemporary Vietnam*. Stanford: Stanford University Press, s 421-428.
- Bergeron & Tanaka (2011). "Children in Institutional and Alternative Care in Viet Nam: A Review of Current Policy and Practice". I Denov, M, Maclure, R. & Campbell, K. (2011). *Children's Rights and International Development: Lessons and Challenges from the Field*. New York City: Palgrave Macmillan, s. 65-86. Tilgjengeleg frå https://www.amazon.co.uk/Childrens-Rights-International-Development-Challenges-ebook/dp/B009AYK8EU/ref=sr_1_1?s=books&ie=UTF8&qid=1469097878&sr=1-1&keywords=9780230119253
- Bich, P. V. (1998). *The Vietnamese Family in Change: The Case of the Red River Delta*. Surrey: Curzon Press.
- Biemba, G. et al. (2009). *Vietnam Research Situation Analysis on Orphans and Other Vulnerable Children*. Boston: Boston University. Tilgjengeleg frå <http://www.bu.edu/cghd/files/2009/12/Vietnam-Research-Situation-Analysis-Country-Brief.pdf> [lasta ned 18. august 2016]
- Branigan, T. (2014, 30. august). China struggles with mental health problems of 'left-behind' children. *The Guardian*. Tilgjengeleg frå <https://www.theguardian.com/world/2014/aug/30/china-left-behind-children-mental-health> [lasta ned 18. august 2016]
- Coxhead, I., Cuong, N.V. & Vu, L.H. (2015, november). *Migration in Vietnam: New Evidence from Recent Surveys*. Hanoi: World Bank Group Vietnam Country Office. Tilgjengeleg frå http://www-wds.worldbank.org/external/default/WDSContentServer/WDSP/IB/2015/12/28/090224b083ff52fd/1_0/Rendered/PDF/Migration0in0V00from0recent0surveys.pdf [lasta ned 18. august 2016]
- Decree No. 05/1999/ND-CP (1999, 3. februar). *On The People's Identity Card*. Tilgjengeleg frå http://www.moj.gov.vn/vbpq/en/lists/vn%20bn%20php%20lut/view_detail.aspx?itemid=1200 [lasta ned 18. august 2016]
- Decree No. 104/2003/ND-CP (2003, 16. september) *Detailing and guiding the implementation of a number of articles of the population ordinance*. Tilgjengeleg frå <https://www.hsph.harvard.edu/population/policies/vietnam2.03.doc> [lasta ned 19. august 2016]
- Decree No. 158/2005/ND-CP (2005, 27. desember). *On civil status registration and management*. Tilgjengeleg frå

http://moj.gov.vn/vbpq/en/lists/vn%20bn%20php%20lut/view_detail.aspx?itemid=6374
[lasta ned 18. august 2016]

- Decree No.114/2006/ND-CP (2006, 3. oktober). *Defining the sanction of administrative violations on population and children*. Tilgjengeleg frå http://www.ilo.org/dyn/natlex/natlex4.detail?p_lang=en&p_isn=94641&p_country=VNM&p_count=548 [lasta ned 19. august 2016]
- Diem, P. (2011, 28. februar). Child adoption under Vietnam's ancient laws. *Vietnam Law & Legal Forum*. Tilgjengeleg frå <http://vietnamlawmagazine.vn/child-adoption-under-vietnams-ancient-laws-4430.html> [lasta ned 19. august 2016]
- Earl, C. (2015). Life as lived and life as talked about: Family, love and marriage in twenty-first-century Vietnam. I: McLelland, M. & Mackie, V. (red.), *Routledge handbook of sexuality studies in East Asia*. Oxford: Routledge, 101–111.
- Economist (2015, 17. oktober). Little match children. *The Economist*. Tilgjengeleg frå <http://www.economist.com/news/briefing/21674712-children-bear-disproportionate-share-hidden-cost-chinas-growth-little-match-children> [lasta ned 18. august 2016]
- Economist (2016, 2. januar). Running dear. *The Economist*. Tilgjengeleg frå <http://www.economist.com/news/asia/21684813-draft-population-law-looks-ill-considered-and-discriminatory-running-deer> [lasta ned 18. august 2016]
- Global Fund (2014, 10. mars). *TB and HIV Concept Note*. Geneva: The Global Fund To Fight AIDS, Tuberculosis and Malaria. Tilgjengeleg frå http://www.unaids.org/sites/default/files/country/documents/VNM_narrative_report_2015.pdf [lasta ned 18. august 2016]
- Goodkind (1995, mars). *Vietnam's One-or-Two-Child Policy in Action*. Population and Development Review, Vol. 21, No. 1, s. 85-111. Tilgjengeleg frå <http://www.jstor.org/stable/2137414> [lasta ned 18. august 2016]
- [Grunnlova] (1992, rev. 2014). *Constitution of the Socialist Republic of Vietnam*. Tilgjengeleg frå <http://vietnamnews.vn/politics-laws/250222/the-constitution-of-the-socialist-republic-of-viet-nam.html> [lasta ned 18. august 2016]
- Hoang, L. (2013, 7. april). Vietnam: Where free education isn't so free. *Al Jazeera*. Tilgjengeleg frå <http://www.aljazeera.com/indepth/features/2013/04/2013441131475898.html> [lasta ned 18. august 2016]
- Hong, D.K. & Ohno, K (2005, juli). *Street Children in Vietnam*. Tokyo: National Graduate Institute for Policy Studies. Tilgjengeleg frå http://www.grips.ac.jp/vietnam/KOarchives/doc/EP17_DP6.pdf [lasta ned 18. august 2016]
- ICRW, dvs. International Center for Research on Women (2012). *Study on Gender, Masculinity and Son Preference in Nepal and Vietnam*. New Delhi: ICRW. Tilgjengeleg frå <http://asiapacific.unfpa.org/sites/asiapacific/files/pub-pdf/Study%20on%20Gender%20Masculinity.pdf> [lasta ned 19. august 2016]
- Johnson (2015, 15. september). Vietnam: New Family Law Adopted. *Global Legal Monitor*. Tilgjengeleg frå <http://www.loc.gov/law/foreign-news/article/vietnam-new-family-law-adopted/> [lasta ned 18. august 2016]
- Jones, N., Presler-Marshall, E. & Thuy, D.B. (2014, desember). *Falling between the cracks*. London: Overseas Development Institute. Tilgjengeleg frå <https://www.odi.org/sites/odi.org.uk/files/odi-assets/publications-opinion-files/9306.pdf> [lasta ned 18. august 2016]
- [Law on Child Protection] (2004, 15. juni). *Law on Child Protection, Care and Education*. Tilgjengeleg frå <http://www.ilo.org/dyn/natlex/docs/ELECTRONIC/84243/111114/F-1723419329/VNM84243%20Eng2.pdf> [lasta ned 18. august 2016]

- Law on HIV/AIDS Prevention and Control (2006, 29. juni). Tilgjengeleg frå http://www.ilo.org/wcmsp5/groups/public/---ed_protect/---protrav/---ilo_aids/documents/legaldocument/wcms_113364.pdf [lasta ned 18. august 2016]
- London, J. (2011, 28. januar). *Education in Vietnam*. Singapore: Institute of Southeast Asian Studies. Tilgjengeleg frå <https://books.google.ie/books?id=F04v11t3xQUC&printsec=frontcover&hl=no#v=onepage&q&f=false> [lasta ned 6. september 2016]
- Luque, J. (2014, 26. februar). The Big Surprise: Vietnam. *Blogs.iadb.com* [blogg]. Tilgjengeleg frå <http://blogs.iadb.org/education/2014/02/26/the-big-surprise-vietnam/> [lasta ned 18. august 2016]
- Ministry of Health (2014, oktober). *Optimizing Viet Nam's HIV response: An Investment Case*. Hanoi: Ministry of Health. Tilgjengeleg frå http://www.aidsdatahub.org/sites/default/files/publication/Vietnam_investment_case_2014.pdf [lasta ned 19. august 2016]
- Mørch, J. (2009, 21. august). *Speech on foster care for orphans and vulnerable children by the UNICEF Representative*. Hanoi: United Nations Vietnam. Tilgjengeleg frå <http://www.un.org.vn/en/unicef-speeches/950-speech-on-foster-care-for-orphans-and-vulnerable-children-by-the-unicef-representative-.html> [lasta ned 19. august 2016]
- Overland, M.A. (2009, 24. august). HIV-Positive Kids Shunned From Vietnam School. *Time Magazine*. Tilgjengeleg frå <http://content.time.com/time/world/article/0,8599,1918243,00.html> [lasta ned 19. august 2016]
- RFA, dvs. Radio Free Asia (2010, 5. februar). Vietnam's Street Children. *Radio Free Asia*. Tilgjengeleg frå <http://www.rfa.org/english/news/vietnam/street-children-02052010094819.html> [lasta ned 19. august 2016]
- Save the Children (2014). *Child Rights Situation Analysis*. Hanoi: Save the Children. Tilgjengeleg frå http://resourcecentre.savethechildren.se/sites/default/files/documents/child_rights_situation_analysis_in_vietnam_2014_-save_the_children.pdf [lasta ned 19. august 2016]
- Schleicher, A. (2015, 17. juni). Vietnam's 'stunning' rise in school standards. *BBC News*. Tilgjengeleg frå <http://www.bbc.com/news/business-33047924> [lasta ned 19. august 2016]
- Sun, X.J., Tian, Y., Zhang, Y.X., Xie, X.C., Heath, M.A., Zhou, Z.K. (2015, juni). Psychological development and educational problems of left-behind children in rural China. *School Psychology International*, vol 36, s. 227-252. Tilgjengeleg frå <http://spi.sagepub.com/content/36/3/227.abstract> [lasta ned 19. august 2016]
- Thanh Nien News (2012, 4. november) Gender imbalance threatens development in Vietnam. *Thanh Nien*. Tilgjengeleg frå <http://www.thanhniennews.com/society/gender-imbalance-threatens-development-in-vietnam-4539.html> [lasta ned 19. august 2016]
- Thanh Nien News (2013, 2. juni). Caring for Vietnam's 'invisible' disabled children. *Thanh Nien*. Tilgjengeleg frå <http://www.thanhniennews.com/society/caring-for-vietnams-invisible-disabled-children-2312.html> [lasta ned 19. august 2016]
- Thanh Nien News (2015, 30. september). Headmaster rebuked for trying to shame parent who questions school fees. *Thanh Nien*. Tilgjengeleg frå <http://www.thanhniennews.com/education-youth/headmaster-rebuked-for-trying-to-shame-parent-who-questions-school-fees-51867.html> [lasta ned 19. august 2016]
- Tran, T.T.N. & Mwanri, L. (2013). Addressing Stigma and Discrimination in hiv/aids Affected Orphans and Vulnerable Children in Vietnam. *World Journal of Preventive Medicine* 1 (3), 30-35. Tilgjengeleg frå <http://pubs.sciepub.com/jpm/1/3/4/> [lasta ned 19. august 2016]

- Tuoi Tre News (2014, 3. oktober) Over 5,000 preschools in Vietnam unlicensed: ministry. *Tuoi Tre*. Tilgjengeleg frå <http://tuoitrenews.vn/education/18209/over-5000-preschools-in-vietnam-unlicensed-ministry> [lasta ned 19. august 2016]
- UNAIDS Vietnam (2015). *HIV and AIDS estimates (2015)*. Hanoi: UNAIDS. Tilgjengeleg frå <http://www.unaids.org/en/regionscountries/countries/vietnam> [lasta ned 19. august 2016]
- UNESCO (2006). *Viet Nam Early Childhood Care and Education (ECCE) programmes*. Geneve: UNESCO International Bureau of Education Tilgjengeleg frå <http://unesdoc.unesco.org/images/0014/001472/147254e.pdf> [lasta ned 14. september 2016]
- UNFPA, dvs. United Nations Population Fund (2009, august). *Recent Change in the Sex Ratio at Birth in Viet Nam*. Hanoi: UNFPA. Tilgjengeleg frå <http://www.unfpa.org/publications/recent-change-sex-ratio-birth-viet-nam> [lasta ned 19. august 2016]
- UNFPA (2010, juli). *Internal Migration Opportunities and challenges for socio-economic development in Viet Nam*. Hanoi: UNFPA. Tilgjengeleg frå http://vietnam.unfpa.org/sites/asiapacific/files/pub-pdf/Migration%20Main%20Paper_ENG_FINAL_0.pdf [lasta ned 19. august 2016]
- [Ungdomslova] (2005, 29. november). *Youth Law*. Tilgjengeleg frå http://moj.gov.vn/vbpq/en/lists/vn%20bn%20php%20lut/view_detail.aspx?itemid=6322 [lasta ned 19. august 2016]
- UNICEF (2009, desember). *The Rights of Children with Disabilities in Viet Nam*. Hanoi: UNICEF. Tilgjengeleg frå www.unicef.org/vietnam/Final_legal_analysis_report_in_E.pdf [lasta ned 19. august 2016]
- UNICEF (2013, desember). *Out of School Children in Vietnam: A Country Study*. Hanoi: UNICEF. Tilgjengeleg frå http://www.unicef.org/vietnam/TENNT_eng_11_8_2114.pdf [lasta ned 22. august 2016]
- UNICEF (2015a) *Readiness for education of children with disabilities in eight provinces of Viet Nam*. Hanoi: UNICEF. Tilgjengeleg frå http://www.unicef.org/vietnam/resources_24342.html [lasta ned 19. august 2016]
- UNICEF (2015b, 4. februar) *Sex ratio at birth, 1982–2012*. Beijing: UNICEF. Tilgjengeleg frå <http://www.unicef.cn/en/atlas/population/777.html> [lasta ned 19. august 2016]
- USDS, dvs. U.S. Department of State (2016, 13. april). Vietnam 2015 Human Rights Report. Washington D.C.: USDS. Tilgjengeleg frå <http://www.state.gov/documents/organization/253025.pdf> [lasta ned 14. september 2016]
- [Utdanningslova] (2005, 14. juni). *Education law*. Tilgjengeleg frå http://www.moj.gov.vn/vbpq/en/lists/vn%20bn%20php%20lut/view_detail.aspx?itemid=5484 [lasta ned 19. august 2016]
- Vi, T. (2015, 5. november). Vietnamese men to get up to 14 days paternity leave. *Thanh Nien*. Tilgjengeleg frå <http://www.thanhniennews.com/society/vietnamese-men-to-get-up-to-14-days-paternity-leave-53264.html> [lasta ned 19. august 2016]
- Vietnam Language Centre (2012). Bribery stunts Việt Nam's education system. *Deutsche Presse-Agentur*. Tilgjengeleg frå <https://vietnameselanguage.wordpress.com/2012/10/08/bribery-stunts-viet-nams-education-system/> [lasta ned 19. august 2016]
- Vietnam Law & Legal Forum (2015a, 25. juni). Making sure that the rights of children are well protected. *Vietnam Law & Legal Forum*. Tilgjengeleg frå <http://vietnamlawmagazine.vn/making-sure-that-the-rights-of-children-are-well-protected-1169.html> [lasta ned 6. september 2016]

- Vietnam Law & Legal Forum (2015b, 5. august). New Law on Marriage and Family. *Vietnam Law & Legal Forum*. Tilgjengeleg frå <http://vietnamlawmagazine.vn/new-law-on-marriage-and-family-4067.html> [lasta ned 19. august 2016]
- Viet Nam News (2014a, 28. februar). Viet Nam to ramp up foster care for needy kids. *Viet Nam News*. Tilgjengeleg frå <http://vietnamnews.vn/society/251697/viet-nam-to-ramp-up-foster-care-for-needy-kids.html#j2RO9ldumJokm2gh.97> [lasta ned 19. august 2016]
- Viet Nam News (2014b, 28. september). Foster care gives children new homes. *Viet Nam News*. Tilgjengeleg frå <http://vietnamnews.vn/sunday/features/260696/foster-care-gives-children-new-homes.html#72ydzDb13u0DtXIJ.97> [lasta ned 19. august 2016]
- Viet Nam News (2015, 15. august). Gender imbalance in Viet Nam rises steeply. *Viet Nam News*. Tilgjengeleg frå <http://vietnamnews.vn/society/274537/gender-imbalance-in-viet-nam-rises-steeply.html> [lasta ned 19. august 2016]
- Vu, C.G. & Tran, K. (2012, juni). Child Support Law of Vietnam. *Kyungpook National University Law Journal* 39, 117–140. Tilgjengeleg frå http://lawins.knu.ac.kr/board/index.php?status=file&db_name=disquisition&no=347&upid=0 [lasta ned 19. august 2016]
- World Bank (2016, 11. april). *Overview*. Hanoi: World Bank. Tilgjengeleg frå <http://www.worldbank.org/en/country/vietnam/overview> [lasta ned 19. august 2016]

Munnlege kjelder

- MOLISA, dvs. Ministry of Labour, Invalids and Social Affairs. Møte i Hanoi, 1. oktober 2015
- Norges ambassade i Vietnam. Møte i Hanoi, 6. oktober 2015
- UNICEF. Møte i Hanoi, 30. september 2015.
- USAID. Møte i Hanoi, 1. oktober 2015
- USAID. E-post 17. august 2016
- Vu, C.G. Forskar ved Viet Nam National University. Møte i Oslo, 20. juni 2016
- WHO, dvs. Verdens Helseorganisasjon. Møte i Hanoi, 1. oktober 2015